

Årsmelding for Musica Sacra 2019- 2021

Koronapandemien resulterte i at sommarkurset dessverre måtte avlysast både i 2020 og 2021.

Difor omhandlar denne årsmeldinga samla dei tre åra frå 2019, 2020 og 2021.

Styret som vart valt på årsmøtet 28.06-2019. (Frå årsmøtereferatet i 2019)

Leiar: Anne Karin Stormyr: attval for 2 år. valt som leiar for 1 år. På val i 2021

Styremedlemmer:

Anders Eidsten Dahl: attval i 2 år. På val i 2021

Corinna Stamm: attval i 2 år. På val i 2021

Magne Emberland (ikkje på val) På val i 2020

Anne Lise Grøm (ikkje på val) På val i 2020

Vara:

1. vara: Ellinor Grimnes (ny) 1 år, på val i 2020

2. vara: Ingunn Aune Steinbakken: attval 1 år, på val i 2020

Valnemnd:

Astri Marie Bauer (ny) og Ragnhild Hadland (attval) – 1 år, på val i 2020.

Revisor:

Lars Audun Fodstad – attval i 1 år, på val i 2020.

Grunna pandemien og avlyste kurs, bestemte styret at heile styret skulle halda fram gjennom 2020 og 2021.

Styremøte:

I 2019 hadde styret 10 styremøte, dei fleste telefonmøte. Styret behandla 66 saker.

I 2020 hadde styret 5 telefonmøte., og behandla 24 saker.

I 2021 hadde styret 5 telefonmøte, og behandla 35 saker.

Vi hadde planlagt sommarkurset 2020 då pandemien braut ut og alt stengde ned og kurset måtte avlysast. Det same skjedde året etter- i 2021. Vi planla at sommarkurset i 2020 kunne vidareførast i 2021 både med omsyn til kursstad , instruktørar og program elles, og det same gjeld stort sett for kurset i år.

Medlemmer:

Musica Sacra hadde 65 betalande medlemmer i 2019, 51 i 2020 og 27 i 2021.

Sommarkurset:

Sommarkurset i 2019 vart halde på Bildøy bibelskule på Sotra ved Bergen 26. juni – 30. juni. Det var 90 deltakarar, 35 barn/ ungdom og 55 vaksne.

På kurset var det tilbod om vaksenkor, barnekor, knøttekor, rytmesprell, ungdomskor, strykeorkester, blokkfløytegruppe, orgelundervisning for barn, vokalopplæring og gregorianske tidebøner.

Dirigentar og foredragshaldarar:

Vaksenkor: Sigurd Melvær Øgaard

Barnekor: Liv Marie Hofset, Tim Harry Blomberg

Småbarnsong: Dorte Fiskaa

Orgellærarar: Kristin Eek og David Scott Hamnes

Slagverkensemble: Torbjørn Ottersen

Strykeensemble: Vebjørn Stuksrud- fiolin, Anne Stine Dahl- Cello, Corinna Stammbratsj.

Blokkfløyteensemble: Anne Gundersen

Repetitør og seminarorganist: Anders Eidsten Dahl

Repetitør for barne-ungdomskoret: Henriette Skagen og Ellinor Grimnes

Gregoriansk song: studentar frå musikkhøgskulen

Seminar 1: Fra babysang til ungdomskor. Sang som trosopplæring ved Inger Elisabeth Aarvik

Seminar 2: Orgelspell og orgelssprell. 15 år med barn og orgel, orgelklubben Ferdinand ved Amund Dahl

Seminar 3: Kor som trosopplæring ved Yngvild Wattum Stuksrud

Leiar for kurset: Anne Karin Stormyr

Tingingsverk:

Eilert Tøsse: Ver ikkje redd! Heretter skal du fanga menneske. (Lukas 5. 1-8+10b)

Bach-kantaten: Nr. 140: Wachet auf. Songsolistar: Halvor Kjerkreit og Helene Haar.

Anne Lise Grøm

Hellesøy 23.06.22

skrivar